

## Sandkorn

Sokrates og pappa er på stranda. Det er sand overalt.

– Kor mange sandkorn finst det? spør Sokrates.

– Nokre seier det er like mange sandkorn som det er stjerner på himmelen, svarer pappa.

Sokrates synest dette er rart.

– Pappa, trur du at stjernene som er på himmelen om natta, er på stranda om dagen?

– Kanskje det, men stjernene er jo veldig store, og desse sandkorna er jo veldig små.

– Ja, men eg synest ikkje stjernene ser større ut enn sandkorn.

– Det er fordi dei er så langt unna, det, seier pappa.

– Ja, men, ... ting blir vel ikkje mindre fordi om dei er langt unna, seier Sokrates.

– Nei, dei gjer vel ikkje det.

Sokrates tenkjer lenge på sandkornet. Kanskje det eigentleg er kjempestort? Han tenkjer på korleis det ser ut på innsida.

– Pappa, eg har funne ut av det. Sandkornet er lite på utsida, men kjempestort på innsida.

– Seier du det? Kor stort er det da?

– Inni sandkornet er det ein himmel, like stor som den vi har. Og så er det ein klode inni der som minner litt om jordkloden. Det er heilt sant! Lukk auga og tenk deg inn i sandkornet. Da vil du sjå det sjølv.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 25.

Gjer oppgåvene 1, 2 og 3.

